

SAMLA SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar	Sissel Markegård	Arkiv: PLAN 03160
Arkivsaknr.:	03/01781	

Saksnr.:	Utval	Møtedato
0065/06	Plan og økonomiutvalet	03.04.2006
0019/06	Kommunestyret	24.04.2006

REGULERINGSPLAN FOR VESTADVIKA INDUSTRIOMRÅDE -HANDSAMING AV KLAGE

Saksdokument:

Vedtak av reguleringsplan, saksnr 0051/05, datert 17.10.05
Klage frå Edel Vestadvik Sørhus, datert 28.11.05
Klage frå Kystverket, datert 05.12.05
Avklaring frå Kystverket, datert 13.03.06
Forslag til endring av reguleringsplan, datert 26.10.04, sist revidert 23.03.06
Forslag til endring av reguleringsføresegner, datert 10.08.05, sist revidert 22.03.06

Bakgrunn:

Reguleringsplan for Vestadvika Industriområde vart eigegodkjent i kommunestyret 17.10.05. Etter kunngjering av planen kom det inn to klagar på godkjenninga. Klagene kom i rett tid, og er begge frå parter i saka. Klagene kom i frå Edel Vestadvik Sørhus og i frå Kystverket.

Klage frå Edel Vestadvik Sørhus, datert 28.11.05

Klaga tek for seg spørsmålet om erstatning for huset hennar som no vert liggjande inne i eit parkbelte. Ho fremmer eit krav på full erstatning for både grunn og bygningar vest for hovudvegen.

Vurdering:

Klaga går ikkje direkte på det vedtaket som er gjort, men reiser eit sentralt spørsmål om erstatning for området. Dette er eit forhold som no er avklart mellom kommunen og hennar advokat og klaga er no førebels trekt tilbake til utfallet av forhandlingane er avklart.

Klage frå Kystverket, datert 05.12.05

Under offentleg ettersyn hadde kystverket motsegn til delar av planforslaget. Handsaminga av denne motsegna vart gjort utan samråd med kystverket. Dei krev at desse endringane vert gjort i samråd med dei.

Vurdering:

Motsegna og ynskja kystverket hadde under offentleg ettersyn vart tekne med i planforslaget som vart sendt til godkjenning. Ved ei misforståing vart ikkje dette gjort i samråd med kystverket, og difor ikkje på den måten dei ynskja det. Det har i ettertid vorte avklaringar på desse forholda, og nytt planforslag og føresegner har vorte foreslått for kystverket. I brev frå dei datert 12.03.06 aksepterar dei det forslaget som no vert lagt fram.

Endring som er gjort på planforslaget:

- kanalen er gjort meir open

Endring som er gjort i føresegnene:

- i §3 er det ført til tekst vist med kursiv: ”utbygging i området må skje etter utbyggingsplan jfr. Plan- og bygningslovens § 28-2 ledd. Utbygging og andre inngrep i sjø og land skal skje innanfor regulerte formålsgrenser.”

Vurdering:

Begge klagene som har kome inn er no avklart. Klaga frå kystverket inneberer at det må gjerast eit nytt vedtak for å godkjenne planen. Dei endringane som er gjort berører ikkje andre interesser og sidan dette er avklart med kystverket og kommunen ser vi det ikkje som nødvendig å leggje planen ut til eit nytt offentleg ettersyn.

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 § 27-1 nr 2, vert reguleringsplan for Vestadvika industriområde datert 26.10.04, sist revidert 23.03.06, med tilhøyrande føresegner datert 10.08.05, sist revidert 22.03.06, godkjent.

Frå Plan og økonomiutvalet i møte 03.04.2006 sak 0065/06

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 § 27-1 nr 2, vert reguleringsplan for Vestadvika industriområde datert 26.10.04, sist revidert 23.03.06, med tilhøyrande føresegner datert 10.08.05, sist revidert 22.03.06, godkjent.

Frå Kommunestyret i møte 24.04.2006 sak 0019/06

Handsaming:

Plan og økonomiutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 § 27-1 nr 2, vert reguleringsplan for Vestadvika industriområde datert 26.10.04, sist revidert 23.03.06, med tilhøyrande føresegner datert 10.08.05, sist revidert 22.03.06, godkjent.